



## **KYSTHOSPITALET I HAGEVIK**

### **Artroskopisk behandling av hofte**

Denne foldaren inneheld informasjon til pasientar som skal få utført artroskopisk behandling av hofte. Sjå i tillegg foldar med generell informasjon om dagkirurgi eller innlegging på sjukehuset.

## **Kva er hofteartroskopi?**

Artroskopi er kikk-hol kirurgi der oversikt med eit fiberoptisk kamera tillet inngrep på ledd gjennom små innstikk og med instrumenter på tjukkelse med ein vanlig blyant (4mm).

Leddets kan inspiseras for skader, og fleire typer av skader eller ugunstige leddvarianter kan i same prosedyre utbedras og nokre ganger repareras. Kikk-hola tillet raskare tilbakeføring til vanlig hoftefunksjon enn ved tradisjonell operasjonsform, såkalla open type inngrep.

Med dagens kikk-holsteknikk vil ein kunne utføre store inngrep i sjølve leddet, som vil kreve kortare eller lengre begrensingar på aktiviteten den første tida etter operasjon, sjølv om sår i huden er små.

## **Kordan kan hofteartroskopi hjelpe?**

Moderate smerter, låsing eller svikt situasjonar er vanlige symptomer på tilstander det går an å behandle med hofteartroskopi. Mindre skader kan utbedras og ugunstig utforming (anatomi) av hofteleddet kan til ein viss grad betras med hofteartroskopiske teknikkar. Tilstandar som bidrar til hofteartrose utvikling ("slitasjegikt") kan nokre ganger utbedras slik at det gir håp om utsetting av artrosesjukdommen, men det manglar langtidsdokumentasjon på at dette verkelig skjer. Korttidsresultater viser lindring av plager som eit regelmessig fenomen, og dette tas foreløpig til inntekt for at inngrepene kan gi langvarig effekt også.

Nokre ganger er hofteartroskopi del av ein større kirurgisk behandling kor andre ledd-bevarande inngrep blir utført i etterkant, eller kor hofte-

artroskopi fungerer som eit supplement til større behandling omkring leddet.

### **Kordan blir hofteartroskopi inngrepet gjennomført?**

Hofteartroskopi blir gjennomført med kombinert narkose (generell anestesi –«sove») og lokalbedøving (her: spinalbedøvelse). Beinnet blir plassert i holdar for foten og strekkes for å lage rom i leddspalta. Det blir benytta fleire små hudsnitt (kikk-hol) vanligvis frå 3 til 5, og desse er vanligvis ca 5-10 mm lange. Instrumenter blir ført inn, det blir brukt vatn under trykk og ein ufarleg saltvatn heving i operasjonsfeltet er vanlig etter avslutta prosedyre. Noko av saltvatne kan lekke ut gjennom



innstikks-åpningane dei første timane etter operasjonen, vatnet vil være blanda med blod og kan forvekslas med blødning for dei som ikkje er erfarne i å vurdere dette. Lengden på inngrepa varierer frå 30 min til 3 timar alt etter kor mykje som skal gjerast. Lange inngrep har naturleg nok mest saltvatnheving/lekkasje fra åpningar.

### **Kva kan ein forvente etter eit hofteartroskopisk inngrep?**

Ved mindre inngrep er det bare behov for smertestillande tablettar, og då kan ein reise samme dag eller vanligst neste morgen. For større inngrep må ein vurdere behovet for smertelindring og når dette kan skje på ein trygg måte ved hjelp av medisinar pasienten kan styre sjølv.

Liggetida er frå 2-5 dagar. Det er vanlig å avlaste hofteleddet med krykker. Ved større inngrep, kan dette dreie seg om veker (typisk 4-6). For mindre inngrep blir krykker brukt så lenge ein sjølv føler behov for avlastning. Behandling med blodpropphindrande middel blir brukt i 2-5 veker etter inngrep og er i sprøyteform. Dei aller fleste pasientane vel av praktiske årsaker å lære å sette desse sprøytene sjølv. Resept på nødvendige medisinar blir utlevert ved utreise saman med medisindose for resten av utreisedagen fram til neste morgon. Ein må då oppsøke apotek utreisedagen eller seinast neste dag.

### **Kor lang tid går det etter operasjonen før ein er ferdig behandla?**

I den første tida er det altså nokre ganger restriksjonar på kva ein kan gjere, stort sett er ein sjølvhjulpen med det daglege stell når ein drar frå sjukehuset og kan bevege seg med krykker også i trapper. Ved stør-

re prosedyrer må det følgas ein avlastningsplan, ellers vil ein kunne prøve seg fram så snart smertene tillet det. For dei fleste vil ein kontortype jobb kunne gjenopptas etter 2-4 veker, med tilrettelegging. Typisk for mindre omfattande prosedyrer er tilbakevending til tyngre fysisk jobb og trening etter 1-3 månader, for større inngrep 3-6 månader. Nokre vil føle ubehag i fleire månader etter inngrepet. Det kan være av variabel karakter og styrke, men hindrar vanlegvis ikkje arbeid eller rolig trening.

### **Er fysioterapi ein del av behandlinga?**

Under sjukehusopphaldet blir ein instruert og vurdert av fysiotera-



peut, og dette er vanlegvis den einaste fysioterapi kontakten ein treng. Det blir forløpande tatt stilling til behov for fysioterapi under kontrollar (som kommer 6 veker og 6 månader etter operasjonen).

### **Kva er risikoen ved inngrep?**

Ved alle kirurgiske inngrep er det risiko for bløding, nerveskade eller infeksjon. Risikoen ved hofteartroskopi er svært lav for infeksjon og bløding, nerveskadar forekommer. Det vanlegaste er hudnerveskade fortil og på sida av låret. Desse kan bli permanente. Midlertidig skade på nerver i fotrygg, isjiasnerva og nerver som styrer ereksjon hos menn er rapportert, men sær sjelden som permanente skader. Likefullt kan midlertidige nerveskader være sær plagsomme under tilhelingstida (opptil 6-12 md).

Den vanlegaste komplikasjonen er at inngrepet ikkje har ønska effekt på plagene det skal hjelpe for.

Dette og andre forhold omkring operasjonen er det viktig å diskutere med kirurgen før operasjonen. Det vil då bli klarlagt i størst mulig grad kva ein kan oppnå med operasjon og mulighetene blir vegd opp mot risiko. Valet til slutt om å ta imot eit operasjonstilbud, er alltid ditt.

Vi på Kysthospitalet vil prøve å hjelpe deg i dette valet.

Det er viktig at du som pasient føler at endelig beslutning om å ta inngrepet er di eiga avgjer og tatt på eit godt grunnlag, basert på tilstrekkelig råd og veiledning frå oss.

**Vi vil ønske deg velkommen som pasient hos oss!**





**Adresse** Hagaviksbakken 25, 5217 Hagavik

**Sentralbord** 56 56 58 00

***[www.kih.no](http://www.kih.no)***